



## Administrativ sak

Vår referanse: 2022/197804-7  
Saksbehandler: Amalie Hilde  
Dato: 25. februar 2024

## Oppstart av planarbeid - Åsane, Gnr. 189, Bnr. 65 m. fl., FV5306 Hesthaugveien, Åsane terminal - Haukedalen skole

### Kva saka gjeld:

Vestland fylkeskommune ønskjer å detaljregulere fv. 5306, frå Åsane terminal til Haukedalen skole (ca. 1,2 km). Vegen er relativt høgt trafikkert, samstundes som det er ei viktig ferdsléare for mjuke trafikantar, mellom bustadområde og målpunkt som kollektivterminal, handel og skule.

Føremålet med planlegginga er å betre tilhøva for mjuke trafikantar og legge til rette for nytt tilbud for sykkistar, samt å utbetre kryss ved Midtkleiva med tanke på trafikktryggleik og framkomst for fotgjengarar og kollektivtrafikk. Strekninga er ein del av det prioriterte sykkelnettet i Sykkelstrategi for Bergen 2020-2030.



Figur 1 - planavgrensing

### Om planområdet:

Planområdet spenner over ca. 1 km av Hesthaugvegen med tilgrensande areal. Området består i hovudsak av bustadområde, skule, barnehage, enkelte butikkar/næring og brannstasjon, og grensar til Åsane terminal og Åsane storsenter.

Hesthaugvegen er forkøyrsvveg med fartsgrense 50 km/t, og 40 km/t forbi Haukedalen skole. ÅDT varierar frå 12 500 aust i planområdet til 7300 i vest. Strekninga er ulykkesutsett, og særleg i krysset med Midtkleiva har det vore mange ulykker dei seinare åra. Krysset til Midtkleiva skapar også tidvis problem for kollektivtrafikken.

Tilbodet til gåande og syklende er varierende og lite attraktivt, utan eige tilbud til sykkistar. Universell utforming er heller ikkje tilfredsstillande. Det er i dag tosidig fortau og fleire snarvegar frå begge sider som leiar ned til fortau og kryssingspunkt.

Vegen er skuleveg for mange elevar, og for mange skuleborn er det i tillegg naudsynt å krysse vegbana, då skulekrinsane for både Haukedalen skole og Ulsetsbogen skole går på tvers av Hesthaugvegen.

#### Planstatus:

Planområdet er avsett til byfortettingssone og ytre fortettingssone i kommuneplanen sin arealdel (KPA 2018). Området er i hovudsak regulert i eldre reguleringsplanar. I aust er Hesthaugvegen nyleg regulert til gate, fortau og sykkelveg i reguleringsplan for Bybanen til Åsane, delstrekning 4, Tertneskrysset-Vågsbotn.

#### Skildring av tiltak:

Reguleringsplanarbeidet skal avklare utbetringar og tiltak i Hesthaugvegen med tanke på å:

- Sikre trygg ferdsle for mjuke trafikantar, og spesielt skuleborn.
- Opprette eige tilbod for syklistar.
- Utbetre kryss ved Midkleiva. Det kan bli aktuelt å vurdere å endre kryss og avkøyrslar i planområdet.
- Utbetre busshaldeplassar. Kantstopp kan vurderast.

For å nå desse måla er det ønskje om at vegstrekket med tilhøyrande fortau og sykkelveg blir regulert etter gatestandard med senka fartsgrense.

Planlegginga skal sjå på ulike løysingar for mjuke trafikantar langs strekninga. Planinitiativet skisserer eit tosidig tilbod som i dag, med sykkelveg med fortau langs nordsida av Hesthaugvegen. Kryssingspunkt for mjuke trafikantar vert vurdert. Det blir foreslått å utvide anlegget langs nordsida av vegen, og å utvide sørgåande fortau gjennom omfordeling av vegareal.

Krysset ved Midtkleiva vert vurdert spesielt, i tillegg til forholda for kollektivtrafikk og eventuell omlegging/sanering av avkøyrslar.

#### Verknadar av planarbeidet

Planarbeidet omfattar i hovudsak eksisterande samferdselareal, med noko utviding langs nordsida av vegen. Omsyn til mellom anna naturmangfald, kulturverdiar og barn og unges interesser blir vurdert i det vidare arbeidet.

#### **Fagetatens vurdering og tilråding:**

Plan- og bygningsetaten vurderer at ønskja regulering er i tråd med overordna planar og strategiar, vil betre tryggleiken i trafikken samt bidra til å nå kommunale mål om fleire syklande. Planoppstart tilrådest.

Fagetaten vurderer at tiltaka ikkje vil ha vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Samla vurdering er at arealplanen ikkje må konsekvensutgreiast.

Plan- og bygningsetaten tilrår følgjande vedtak:

*I medhald av plan- og bygningsloven sine §§12-3 og 12-8 blir det starta opp reguleringsplanarbeid for Åsane, gnr. 189 bnr. 65 m.fl. fv. 5308 Åsane senter- Haukedalen skole.*

#### **Kommunaldirektørens vurdering:**

Kommunaldirektøren vurderer at planarbeidet vil bidra til eit tryggare og meir attraktivt tilbod til aktive trafikantar. Planlegginga er i tråd med overordna planar og føringar, og vil bidra til kommunen sine mål om at fleire skal gå, sykle og reise kollektivt.

Strekninga har fleire målpunkt for aktive trafikantar, og er skuleveg for mange barn. Kommunaldirektøren legg vekt på at planarbeidet må søkje å redusere vegen sin barriereverknad og legge til rette for trygge kryssingspunkt.

Tilrettelegging for sykkel må sikre god trafikktryggleik og høg grad av opplevd tryggleik for sykkistar. Eit eige tilbod til sykkistar kan gje økt bruk blant barn og unge, og redusere sykling på fortaua. Det vidare arbeidet må sikre trygge sykkelløysingar forbi kryss og kollektivhaldeplassar der faren for ulykker er størst.

Prosjektet er ein del av utbyggingsfase 1 i sykkelstrategien og ligg inne i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2024-2027. Kommunaldirektøren er derfor opptatt av god framdrift i planarbeidet.

Planarbeidet vil stort sett gjelde eksisterande samferdsleareal. Det vidare arbeidet må søkje å minimere konsekvensane av arealbeslag for naturmangfald og vassdrag.

#### **Vedtakskompetanse:**

I tråd med sak om delegasjon av fullmakter frå kommunaldirektør for klima, miljø og byutvikling til direktør for Plan- og bygningsetaten 7.12.2022, treffer Kommunaldirektøren sjølv avgjerd om oppstart av offentleg detaljregulering jf. plan- og bygningsloven §§ 12-8 og 12-10.

#### **Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningsloven sine §§12-3 og 12-8 blir det starta opp reguleringsplanarbeid for Åsane, gnr. 189 bnr. 65 m.fl. fv. 5308 Åsane senter- Haukedalen skole.

May Britt Hernes – Kommunaldirektør  
Amalie Hilde – Rådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

#### **Vedlegg:**

1. Fagnotat, planoppstart - Åsane, Gnr. 189, Bnr. 65 m. fl., FV5306 Hesthaugveien, Åsane terminal - Haukedalen skole
2. Skisser
3. Plangrense\_161123
4. Planinitiativ fv 7206571\_1\_1.PDF